



Notat

Dato: 20.08.2018
Arkivsak: 2018/13490-1
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Sal av Løfallstrand ferjekai

På møte i fylkesutvalet den 21. juni 2018 stilte representanten **Benthe Bondhus** (SP) spørsmål om eigedomstilhøva ved gamle Løfallstrand ferjekai. Då det ikkje var mogeleg å gje eit eintydig svar i møte, vil fylkesrådmannen opplysa følgjande.

Med heimel i fylkesutvalsak frå 2000, der vegsjefen fekk fullmakt til å avhenda ferjekaiar som ikkje lenger er i bruk, eller skal nyttast til beredskapskaiar eller er aktuelle som kulturminne, vart kaien i 2014 overført til Karen Løvfall Våge,- tilgrensande grunneigar til kaien, jfr veglova §8. Dette etter at kommunen var førespurd om å overta kaien. Salssummen for kaien var ein del av oppgjeret for kjøp av areal av same grunneigar til utviding av Fv48 Løfallstrand-Årsnes.